


## Ljåmoegga

Namn på plassen	Ljåmobrekka
GPS-posisjon (UTM 32V)	EU89 UTM33 7025390N 240875Ø
Høgde moh	40
Tilstand	Borte. Nye hus i området
Plass under	Ljåmo
Gnr. Bnr.	Under 20/3
Tidsperiode	1793-1903
Gjert Christensen	1793-ca.1805
Morten Iversen	Ca. 1805-1813
Ole Olsen	1848-1903
Omtale:	Gardtales i Orkdal side 263



Flyfoto 1957



Gjert Christensen var husmann på Ljåmoegga ved folketellinga i 1801, og er den første husmannen vi kjenner. Gjert Follo var født i 1771 og vart i 1793 gift med Marit Tollevsdtr Sundli født 1769. Dei fekk fire barn: Mille 1793, Ingebor 1796, Tollev 1799 og Ole 1802.

Gjert med familie må ha flytta, og i 1805 er Morten Iversen Evjen husmann. Han vart i 1801 gift med Ane Arntsdtr Gjølmesli, og dei fekk barna Iver i 1905 og Ole i 1909. Morten Iversen døydde 44 år gammel i 1813.

Den neste husmannen vi kjenner er Ole Olsen som var innerst her i 1845-46 og husmann i 1848. Han var født på naboplassen Ljåmobakken i 1815, ugifte foreldre Guru Olsdtr Ljåmobakk og Ole Ingebrigtsen Bakkseter. I 1820 vart mora gift med Ole Jacobsen Hofsføren som vart husmann på Ljåmobakken. Ole Jacobsen døydde i 1864 på Ljåmoeggen, oppført som husmann, men da på Ljåmobakken.

Ole Olsen vart i 1844 gift med Gjertrud Pedersdtr fra Børsa født 1823, og dei fekk åtte barn: Guru 1845, Marit 1846, Ole 1848, Ane 1852, Beret 1856, Pauline 1862, Helmer 1865, og Gurine 1869.

Ved folketellinga i 1865 budde familien på Ljåmoegga sammen med mor til Ole. Ole, Gjertrud og to barn bodde her også ved folketellinga i 1875.

Ved folketellinga i 1900 er det bare Ole igjen av familien, 85 år, men har ein inderstfamilie boande hos seg. Ole døydde i 1903. Fem av barna hadde reist til Amerika: Ole og Anne reiste i 1873, Pauline 1883, Marit 1887, og Gurine 1891.

#### Folketelling 1801

Førenamn	Farsnamn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn
Giørt	Christensen	Husfader	30	Begge 1 gang	Husmand	M
Marit	Tollevsdtr	Hans kone	32	Begge 1 gang		K
Mille	Giertsdtr	Deres børn	8			K
Ingebor	Giertsdtr	Deres børn	5			K
Tolleiv	Giertsen	Deres børn	2			M
Inger	Kielsdtr	Logerende	61	Ugift	Dagleyer	K

#### Folketelling 1865

Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Yrke	Siv.st.	Alder	Kjønn	Fødested
Ole	Ols.		Husmand og Kurvemager	g	50	m	Ørkedalen
Gjertrud	Pedersd.	hans Kone		g	42	k	Børsen
Guru	Olsd.	deres Datter		ug	22	k	Ørkedalen
Ole	Ols.	deres Søn		ug	17	m	Ørkedalen
Ane	Olsd.	deres Datter		ug	13	k	Ørkedalen
Beret	Olsd.	deres Datter		ug	11	k	Ørkedalen
Pauline	Olsd.	deres Datter		ug	5	k	Ørkedalen
Helmer	Ols.	deres Søn		ug	1	m	Ørkedalen
Guru	Olsd.		Føderaadskone	e	72	k	Ørkedalen

#### Folketelling 1875

Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjønn	Fødested	Fødselsår
Ole	Ols.	hf	60	g	Husmand og Kurvemager	M	Ørkedalen	1815
Gjertrud	Pedersd.	Kone	51	g	Hans Kone	K	Børsen	1824
Pauline	Olsd.	d	13			K	Ørkedalen	1862
Helmer	Ols.	s	10			M	Ørkedalen	1865
Gurine	Olsd.	d	7			K	Ørkedalen	1868
Henrik	Ols.	hf	27	g	Skrædder og Inderst	M	Børsen	1848

Randi	Olstd.	Kone	27	g	Hans Kone	K	Børseskogn	1848
Olina	Henriksd.	d	0			K	Ørkedalen	1875

Folketelling 1900

Fornavn	Etternavn	Fam.st.	Alder	Siv.st.	Yrke	Kjøn n	Født
Ole	Olssen	Hf	85	e	Husmand m J og kurvbinder.	M	1815
Lars	Andersen	Logerend e	36	g	Snedker.	M	1864
Gurine	Andersd.	Hm	28	g	Snedkerkone.	K	1872
Johanna	Larsd.	D	1	ug	Datter	K	1899
Johan	Andersen Røst	Tj	19	ug	Snedkerdreng.	M	1881